



Statens vegvesen

KINN KOMMUNE
Postboks 294

6701 MÅLØY

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Torbjørn Hasund / 93004685

Vår referanse:
24/196345-2

Dykkar referanse: Vår dato:
23/1224 – 24/35508 11.09.2024
/ JAMI1

Svar – samfunnsdelen til kommuneplanen 2024–2036 og planstrategi for Kinn kommune

Vi viser til brev datert 26.07.2024.

Saka gjeld

Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024–2036 i Kinn og planstrategi er lagt ut til offentlig ettersyn. Frist for uttale er 30. september.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga.

Vi skal bidra til å følgje opp FNs berekraftsmål retta mot transportsektoren gjennom oppfølgingar av NTP-måla der hovudmålet er eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte mål;

- Meir for pengane
- Effektiv bruk av ny teknologi
- Bidra til oppfyljing av Noregs klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepne og hardt skadde og enklare reisekvardag
- Auka konkurranse for næringslivet

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheiter, næringsliv og innbyggjarane med mål om ei berekraftig utvikling.

Våre merknadar til planforslaget

Kinn kommune har lagt fram ein tydeleg og lettlest samfunnsdel og planstrategi og der vi får eit godt innblikk i kva mål, strategiar og prioriteringar kommunen har framover. Arealstrategien set opp viktige føringar, og som er i tråd med statlege føringar og retningslinjer for arealbruk.

Kommunane har ansvar for ein betydeleg del av det transportsystemet som vert brukt av born og unge, og vi ser det som svært viktig at det i planlegginga vert lagt vekt på å sørge for gode gang- og sykkelveier og trygge tilkomstveggar.

- Planlagt og ønska arealbruk må ikkje berre lokaliserast med utgangspunkt i bu- og arbeidsmarknadsområde, handel og næring. Også kvalitet, kapasitet og trafikktryggleik på vegstrekningane må vere ein del av vurderingsgrunnlaget. Betre utnytting og fortetting i allereie utbygde område er i utgangspunktet ein god strategi, men då må ein også vurdere om eksisterande vegnettet toler auka bruk og er trafikktrygg.
- Arealstrategien kan også med fordel nyttast som eit verktøy for å legge føringar for ein arealbruk der det er god samheng mellom ulike arealbruksføremål. Til dømes kan ein leggje den føringa at det berre bør leggjast til rette for bustader der det er, eller raskt kan byggast, trafikktrygt gang- og sykkelnettverk mot viktige målpunkt for born og unge

Ut over det har vi ikkje vesentlege merknadar til utkastet til samfunnsplan og planstrategi.

Transport vest – transportforvaltning 1
Med helsing

Torun Emma Torheim
seksjonsleiar

Torbjørn Hasund

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTAREN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN